Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 44 | Fylke: N. Tr.lag

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Otterøy

Emne: Veving. | Bygdelag: Otterøya

Oppskr. av: Fru Borgh. Aasing og | Gard: Hamnes

(adresse): Lærarinne Helga Dahm | G.nr. 18 Br.nr.

Fosslandsosen

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Sjå ovanfor.

17/3-1954. Johs. Ekker

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Mannsklær:

Ytterklede: (dress) Tvitre. (Vadmål)
Underklede: (bukse og skjorte) Eintre av ull - eller vendty av bomull-renning og ull innslag.
Oversjorte nr. 1. lerred.
— " — " 2. farga bomullty-vendtøy.
Arbeidstrøye: (Forbeidsen for dongeriklede) Mørkblått med kvite stripe - eller einsfarga mørkblått bomullstøy - hågvend.
Eldre folk brukte også oversjorte nr. 2 av farga ull - eintre - helst raude eller svart og raud rutut.

2. Kvinneklær:

Kjolar: Eintre av ull - eller lin og bomull - eller bomullrenning og ull innslag. Det siste vart kalla „stoff" og var ofte vendtøy.
Fargane var så ymist.

Underklede:

Trøye av strikka ullgarn - med lerredslinned (serk) utanpå.
„Serken" kunne og vera av lin og strie.

9278

Eller av bomull og ull. Men da brukte ein ikkje strikka ulltrøye.

Snørliv: Ull einstre - eller bomull vendtøy. eller vendtøy av ull og bomull.

Underskjørt nr. 1: Ull-einstre - eller strikka ullskjørt.

Underskjørt nr. 2: Bomullstøy i fleire fargar.

Til stasbruk: - kvite lin eller lerredsskjørt med hekla blonder - o.a.

Nattrøyer av bomullvendtøy eller bomdreiel.

Nr. 3. Svar under nr. 1 og 2.

" 4. Sengomheng. Ikkje vanleg her.

" 5. Sengtøy: Laken og putevar av lin eller lerred. Bolstertrekk av hågvend. Sengtepper av karda ull med trenk av bomullstøy i fleire fargar. både kjøpetøy og heimevovd tøy - vend eller lerred.

" 6. Dukar: Dreillsdukar og servietter av heimavla lin - ofte med bomull renning.

" 7. Håndklær: Lin og stry. Bomull og stry. Både vendtøy - og dreillsvevnad. Det var og mykje brukt sekktøy til kvardagshandkle.

" 8. Åklær: Lin eller bomull til renning - og botntråd innslag. Farga ullgarn til mønster. Tepper (til overbreidsle) - var enten av hekla bomullsgarn (kvitt) eller vevd av tint bomullsgarn og „lysrakgarn" - til mønstertrådar.

II. Av vevmåtar har eg høyrt nemnt steindreiel og byggkorndreiel.

Desse svar eg gitt etter det eg såg brukt for omlag 60 år sidan.

9278

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING